

Stord kommune
Postboks 304
5402 STORD

Vår dato: 15.03.2016

Vår ref.: 201506728-5

Arkiv: 323

Dykkar dato: 16.02.2016

Dykkar ref.: Ove Kvalnes

Sakshandsamar:

Toralf Otnes

Fråsegn til offentlig ettersyn av kommunedelplan med konsekvensutgreiing for E39 Heiane - Ådland / Nordre Tveita - Stord kommune

Vi syner til brev datert 16.02.2016. Saka gjeld offentlig ettersyn av kommunedelplan med konsekvensutgreiing for E39 Heiane – Ådland/Nordre Tveita. Føremålet med planarbeidet er å velje, og bandlegge areal til vegline på strekninga.

Det er konsekvensutgreidd og lagt fram til offentlig ettersyn 4 alternative vegliner (1,2,4 og 5). Vegen skal byggast som firefeltsveg og dimensjonerast for 110 km/t (Alternativ 1, 80 km/t).

Statens vegvesen har varsla motsegn mot alternativ 1 og 5. Alternativ 1 er basert på dagens vegline for E39, og får etter SVV sitt syn for låg standard. Alternativ 5 baserer seg på lang tunnel under friluftsområdet Landåsen. Motsegnvarslet mot dette alternativet grunnar i auka utbyggings-, og drifts- og vedlikehaldskostnader. SVV tilrår alternativ 4.

Stord kommune meiner at alternativ 5 med lang tunnel samla sett er det beste alternativet. Kommunen signaliserer vidare at kommunen vanskeleg kan gå inn for alternativ 4 då dette alternativet etter kommunen sitt syn får for store konsekvensar i høve til natur, friluftsliv, miljø og helse, og langt større enn det som kjem fram av vegvesenet sine vurderingar.

Som høyringspart i denne saka vil NVE si rolle vere å vurdere tiltaket sin verknad i høve til ålmenne interesser i vassdrag. Generelt vil vi som sektormynde vere opptekne av å få vegliner som har minst moglege nærføring til, og inngrep i, vassdrag. Vi tolkar alternativ 1 som eit uaktuelt alternativ.

Skilnaden på alternativ 2, 4 og 5 i høve til vassdrag er at alternativa i ulik grad rårar Tveitavatnet, Skipshaugsvatnet og Landåsvatnet. NVE har ikkje avgjerande merknader til nokon av alternativa i høve konsekvensar for ålmenne interesser i nokon av desse vassførekomstane.

Langs Ådlandsvatnet er det registrert 3 lokalitetar som alle har fått verdi Svært viktig/A i naturbasen. Dei tre lokalitetane er Lokalitet nr. 3 Ådlandsvatnet – Grønevika (BN00041850), lokalitet 4 Ådlandsvatnet – Sageneset (BN00041849), lokalitet nr. 6 Ådlandsvatnet – Lønning (BN00041876). Naturtypen for alle tre er definert til Evjer, bukter og viker. Naturverdiane på dei tre lokalitetane er etter vår vurdering vare for endringar i vasstandsvariasjonane i vatnet.

E-post: nve@nve.no, Postboks 5091, Majorstuen, 0301 OSLO, Telefon: 09575, Internett: www.nve.no

Org.nr.: NO 970 205 039 MVA Bankkonto: 7694 05 08971

Hovedkontor
Middelthunsgate 29
Postboks 5091, Majorstuen
0301 OSLO

Region Midt-Norge
Vestre Rosten 81
7075 TILLER

Region Nord
Kongens gate 14-18
8514 NARVIK

Region Sør
Anton Jenssensgate 7
Postboks 2124
3103 TØNSBERG

Region Vest
Naustdalsvn. 1B
Postboks 53
6801 FØRDE

Region Øst
Vangsvieien 73
Postboks 4223
2307 HAMAR

Alle trasealternativ inneber kryssing av utlaupet av Ådlandsvatnet med fylling. Grunngeving for fylling i staden for bru er at bru gir auka fare for glatt vegbane rett utanfor tunnel, og at vegen ligg i kurve på strekninga. NVE meiner det er ei meir utfordrande oppgåve å sikre at dei hydrologiske eigenskapane i vassdraget ikkje vert endra dersom vegen utelukkande skal ligge på fylling (utlaup gjennom kulvertar), og ikkje på bru.

NVE meiner at planen ikkje bør vere så kategorisk på at kryssinga av Ådlandsvatnet utelukkande skal skje på fylling. Vi tillet oss å foreslå at føresegn pkt. 4.4 vert endra til å få slik ordlyd:

For kryssing av Ådlandsvatnet er det ein føresetnad at vidare planlegging legg til grunn at kryssinga ikkje skal gi negative konsekvensar for naturmiljø, og at dei hydrologiske eigenskapane til Ådlandsvatnet og utlaupselva ikkje skal verte endra. For å sikre naturverdiane skal det i naudsynt grad nyttast fagkyndige i samband med detaljplanlegging og prosjektering.

I vidare planlegging skal det elles særleg leggst vekt på at terrengforming og tilplanting gir eit estetisk og godt resultat, med særleg fokus på at landskapsrommet ved Ådlandsvatnet vert skjerma frå E39.

Merk at ordet vesentleg er teke ut i slutten av første setning. Etter vårt syn er framlegget til føresegn opnare med omsyn på kva løysing som skal velgast samstundes som den i større grad slår fast at naturverdiane skal sikrast. Vi meiner og at det er viktig å få inn eit krav om å nytte fagkyndige i den vidare planlegginga.

Med helsing

Bright Samdal
regionsjef

Toralf Otnes
senioringeniør

Dokumentet vert sendt utan underskrift. Det er godkjent etter interne rutinar.

Kopi til:

Fylkesmannen i Hordaland
'marius.slinde@vegvesen.no'